

---

Saksnr: 2021/45030-1  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

---

**Saksgang**

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for opplæring og kompetanse |             | 08.09.2021 |
| Fylkesutvalet                          |             | 21.09.2021 |
| Fylkestinget                           |             | 29.09.2021 |

**Nytt namn fagskulen i Vestland**

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sin nye samanslåtte fagskule skal hete Fagskulen Vestland.

Samandrag

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 09.06.2020 i sak PS 70/2020 å slå saman dei to fylkeskommunale fagskulane med verknad frå 01.01.2022. I samband med dette vart det også vedteke å nytte prosjektnamnet Fagskulen i Vestland i prosessen med samanslåinga. Prosjektstyret for den nye fagskulen handsama 28.05.2021 sak VS 04/21 om namn på den nye skulen, og gjorde følgjande vedtak: Prosjektstyret sender med dette forslag til skuleeigar ved fylkesadministrasjonen om å vurdere namnet «Fagskulen Vestland» for den nye samanslåtte fagskulen.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Bjørn Lyngedal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 09.06.2020 i sak PS 70/2020 å slå saman dei to fylkeskommunale fagskulane med verknad frå 01.01.2022. I samband med dette vart det også vedteke å nytte prosjektnamnet Fagskulen i Vestland i prosessen med samanslåinga.

Bakgrunnen for å nytte eit prosjektnamn i samanslåingsperioden var at det på dette tidspunktet var diskusjonar nasjonalt om omgrepet «fagskule» skulle erstattast med t.d. omgrepet «høgare yrkesfagskule» etter at fagskulelova vart endra til Lov om høgere yrkesfaglig utdanning. I dag er det berre éin fagskule som har endra omgrep frå «fagskule» til «høgare yrkesfagskule» og det er Trøndelag høgere yrkesfagkole.

Prosjektstyret for den nye fagskulen handsama 28.05.2021 sak VS 04/21 om namn på den nye skulen, og gjorde følgjande vedtak:

«1. Prosjektstyret sender med dette forslag til skuleeigar ved fylkesadministrasjonen om å vurdere namnet «Fagskulen Vestland» for den nye samanslåtte fagskulen.»

I prosjektstyret sin vurdering av namnet, Fagskulen Vestland, kjem det fram av saksutgreiinga at fagskuleomgrepet er blitt meir og meir kjent etter at Meld. ST. 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden vart vedteke av stortinget, og at dei mange tiltaka i meldinga vart sett i verk. Såleis ser det ikkje ut til at diskusjonen om kva skuleslaget skal kallast er gåande i dag.

Vidare kjem det fram at prosjektretor har vurdert tre namn som kan vere aktuelle for den nye fagskulen, og som syner fagskulen sin plassering geografisk, samt skulen sin tilknytning til skuleeigar. Namna er som følgjer:

- Fagskulen i Vestland
- Vestland fagskule
- Fagskulen Vestland

I saksutgreiinga VS 04/21 vert dei tre namna drøfta og det vert vist til at dei fleste fylkeskommunale fagskular nyttar namn som «fagskulen i», med unntak av nemnte Trøndelag høgere yrkesfagskole. Om ein vel namnet Fagskulen i Vestland vert dette i same stil som andre fagskular, men forkortinga vil bli FIV, og dette kan bli forveksla med Fagskolen i Viken som også nyttar FIV. Vestland fagskule eller Fagskulen Vestland vil vere lettare å sei, og av desse to meiner prosjektstyret at det er Fagskulen Vestland som klinger best. Då vil namnet starta med å definere type organisasjon og skuleslag, og deretter kjem det geografiske område fram. Om ein vel Fagskulen Vestland kan ein nytte forkortinga FV, evt. FVL. Sistnemnte er også forkortinga for forvaltningslova, men dette vert gjerne ikkje problematisk.

Prosjektstyret skal i møte 17.09.2021 fastsetje lokale forskrifter for den nye fagskulen og endeleg namn på den nye skulen må vere bestemt før prosjektstyret kan tinglyse forskriftene i Norsk Lovtidend. Forskriftene bør vere kunngjort i løpet av hausten 2021, og før tilbudsstruktur for skuleåret 2022/23 vert sendt over til Samordna opptak.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har kompetanse til å vedta namn på eigne skular i Vestland fylkeskommune jf. Reglement for fylkestinget pkt. 2.

### Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Ikkje relevant

#### Klima:

Ikkje relevant

**Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ikkje relevant

**Konklusjon**

Fylkeskommunedirektøren vil tilrå at prosjektstyret sin vurdering og tilråding vert følgt i val av namn på den nye samanslåtte fagskulen, og at namnet på skulen såleis vert Fagskulen Vestland.